



Adresseliste

Deres referanse

Vår referanse  
2004/3578 432.3 HKL

Vår dato

## **Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Revisjon av forvaltningsplan og verneforskrifter**

**Fylkesmannen i Oppland gjev med dette melding om at arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen og verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vert starta opp, med høve til å kome med innspel til arbeidet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sender i desse dagar ut ei tilsvarande melding i Sogn og Fjordane. Fylkesmennene hadde i juni 2004 innleiande møte med kommunane/tilsynsutvala om prosessen.**

Forvaltningsplanen vart godkjend i juni 1998. Etter det har det skjedd mykje i området. Det er mellom anna sett i gong eit arbeid med å profilere nasjonalparkane i Nord-Gudbrandsdalen sterkare i reiselivssamanheng ("Nasjonalparksatsinga i Nord-Gudbrandsdal"), og her vil Jotunheimen nasjonalpark ha ein sentral plass. Dette arbeidet er ei vidareføring av forprosjektet "Handlingsplan for berekraftig reiseliv i og rundt Jotunheimen". Det har også vore arbeid med ein handlingsplan for å reparere inngrep i Utladalen landskapsvernområde.

I november 2003 vart verneforskrifta endra ved at forbodet mot kommersiell turisme i Jotunheimen nasjonalpark vart oppheva. Samstundes vart det varsla at forvaltningsstyresmakta vil vurdere å innføre standard nasjonalparkforskrift når det gjeld ferdsel i nasjonalparken.

Når eit framlegg til revidert forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark vert sendt på høyring, vil fylkesmannen samstundes sende nye verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde på høyring.

### **Forvaltningsplanen**

Etter fylkesmennene sitt syn er det særleg kap. 7 *Retningslinjer og tiltak*, som treng ein revisjon. Særleg gjeld dette kap. 7.3.15 *Reiseliv*, og dels kapitla som gjeld turisthytter, friluftsliv, tilrettelegging, merking og arrangement, motorferdsel og sårbare område (sonering). Fylkesmennene er sjølvstøttne opne for framlegg til endringar/forbetringar og for andre tema.

Relevante tema som vil vere ein del av reiselivssatsinga kring nasjonalparkane og delar av handlingsplanen for å reparere inngrep i Utladalen landskapsvernområde vil truleg bli innarbeidde i den reviderte forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark.

Forvaltningsplanen frå 1998 er tidlegare sendt alle adressatar, men er også lagt ut på internett: [http://www.fylkesmannen.no/fmt\\_fagomrade.asp?tgid=427&gid=430&amid=1000585](http://www.fylkesmannen.no/fmt_fagomrade.asp?tgid=427&gid=430&amid=1000585), <http://fylkesmannen.no>. Fylkesmannen har og nokre eksemplar i papirutgåve som vil bli sendt på førespurnad, så langt lageret rekk.

### **Verneforskrift Jotunheimen**

Gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er lagt ved dette brevet. Vi har også lagt ved Standard forskrift for ferdsel i nasjonalparkar og for landskapsvernområde, slik dei framgår av DN-Håndbok nr. 17 – 2001 ”Områdevern og forvaltning (tekst på bokmål, vil bli oversett til nynorsk).

Proessen med nye verneforskrifter vil i stor grad gå ut på å innarbeide dagens verneforskrifter i standardforskriftene (ikkje omvendt), dvs. tilpasse standard forskrift til gjeldande forskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. I praksis vil dei tilpassingar for lokale brukarinteresser som er gjort i dagens forskrift så langt det er råd bli bakt inn i den nye forskrifta.

Fylkesmannen reknar med at restriksjonsnivået vil vere omlag det same med ny forskrift. Sentrale styresmakter har t.d. slått fast at auka reiselivssatsing i og rundt nasjonalparkane ikkje skal føre med seg auke av tekniske inngrep og motorferdsel i verneområda.

Av viktige tema der standard forskrift for nasjonalparkar skil seg frå gjeldande forskrift vil vi trekkje fram:

- Dyrelivet, jakt og fiske (klarare tilvising til viltlova)
- Ferdsel (m.a. organisert ferdsel, sykling og bruk av hest, regulering av ferdsel)
- Kulturminne (manglar i gjeldande forskrift for Jotunheimen NP)
- Forureining (ikkje utfyllande i gjeldande forskrifter)
- Støy (manglar i gjeldande forskrifter)
- Motorferdsel (ikkje forbod mot lågtflyging i gjeldande forskrifter)
- Forvaltningsplan (manglar formuleringane ”*Forvaltningsstyresmaktene kan iverksetje tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning*” i gjeldande forskrifter.)

I tillegg vil det truleg og vere behov for andre mindre endringar i verneforskriftene.

### **Vernegrensar**

Ut i frå ein naturfagleg vurdering dekkjer ikkje grensene for Jotunheimen nasjonalpark naturkvalitetene i området. Fylkesmennene vil likevel ikkje i samband med melding om oppstart av arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen fremje noko framlegg om utviding av nasjonalparken eller landskapsvernområdet. Dersom det i meldingsfasen kjem framlegg om utviding av Jotunheimen nasjonalpark eller Utladalen landskapsvernområde, vil likevel måtte fylkesmannen vurdere dette. I ein slik samanheng vil fylkesmennene vil i løpet av planperioden sjå på om det er mogleg å få utgreid verneverdiar og brukarinteresser i område som kan vere aktuelle for utviding.

## **Organisering av arbeidet**

### *Styringsgruppe*

Avdelingsdirektørene i kvart fylke vil vere styringsgruppe for arbeidet.

### *Referansegruppe*

Det vil bli oppretta ei referansegruppe for arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen og verneforskriftene. Vi ber følgjande etatar innan 1.11.2004 velje ein representant kvar:

- Fem tilsynsutval
- Den Norske Turistforening
- Statens naturoppsyn
- Ein representant for reiselivet \*)
- Statskog

I tillegg kjem fylkesmannen sine representantar (ein frå kvart fylke), dvs. i alt 10 personar.

\*) Bjørg Åseng Vole har sagt seg villig til å stille som medlem i gruppa. Ho er bestyrar på Gjendesheim Turisthytte, medlem av styringsgruppa for Nasjonalparksatsinga i Nord-Gudbrandsdal og medlem av Reiselivslaget i Vågå. Representanten vil halde kontakt med tilsvarende fagmiljø over fylkesgrensa.

Fylkesmannen meiner det er viktig at ei referansegruppe ikkje er for stor. Vi er likevel opne for grunnjevne innspel om andre representantar i referansegruppa. Vi minner om at tilsynsutvala representerer både kommunane, grunneigarane, fjellstyra og ålmenta.

## **Innspel**

Fylkesmannen ønskjer ein open prosess i arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen og endring av verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Vi ber difor om at alle innspel til revisjon av forvaltningsplanen og til revisjon av verneforskriftene vert sendt skriftleg (medrekna e-post) innan 15.11.2004.

Fylkesmennene vil i tillegg arrangere opne møte i kommunane om arbeidet med forvaltningsplanen og endringar i verneforskrifta, og vi vil arbeide i nær kontakt med tilsynsutvala i kommunane. Dei opne møta i kommunane vil bli annonserte i lokalavisa.

## **Framdrift**

Arbeidet med revisjon av verneforskrifter og forvaltningsplan må gå parallelt, sidan det juridiske grunnlaget for forvaltningsplanen er verneforskriftene. Eit framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde og framlegge til nye verneforskrifter vil vonleg kunne sendast på høyring 1. halvår 2005.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane står for utsending av dette brevet til dei aktuelle sentrale instansane.

Ellen Birgitte Strømø  
Avdelingsdirektør

Harald Klæbo  
overingeniør

**Vedlegg:**

- gjeldande verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- standard forskrift for nasjonalparkar

**Adresseliste:**

Bell AS, postboks 29 Lambertseter, 1101 OSLO  
Besseggen fjellpark, v/ Kjell Håvard Moen, 2680 VÅGÅ  
Bessheim Fjellstue, 2680 VÅGÅ  
Bessheim Fjellstue, 2683 TESSANDEN  
Besstrond, Guri Kvamme, Labovn 10, 2013 SKJETTEN  
Besstrondfjellet beitelag, Pål Grev, Nordherad, 2680 VÅGÅ  
Bjørg og Olav Gaute Vole, Postboks 32, 2684 VÅGÅ  
Bjørn Horten, 2686 LOM  
Brimi Fjellstugu, 2680 VÅGÅ  
Bygdalista, v/ Ola Aukrust, 2686 LOM  
Bygdin grunneigarlag, v/ Jon Lerhol, 2975 VANG I VALDRES  
Bygdin høvfjellshotell, 2953 BEITOSTØLEN  
Bøverdalen grendautval, v/ Sigurd Stenersen, 2687 BØVERDALEN  
Bøverdalen Østside grunneigarlag, v/ Rolv Vaagaasar, 2686 LOM  
Bøvertun, 2687 BØVERDALEN  
Den Norske Turistforening Oslo og Akershus, postboks 7, Sentrum, 0101 OSLO  
Destinasjon Beitostølen, Beitostølen Turistinformasjon, 2953 BEITOSTØLEN  
Eidsbugarden fjelleigedom, v/ Statskog Fagernes, 2900 FAGERNES  
Erik Holø, Industrivn 2, 2680 VÅGÅ  
Erik Petter Collett, Hospitsvn 6a, 0789 OSLO  
Fondsbu turisthytte, Eidsbugarden 2985 TYINKRYSSET  
Forum for Natur og Friluftsliv, v/ Naturvernforbundet i Oppland, P.b. 368, 2602 LILLEHAMMER  
Fossheim Steinsenter, 2686 LOM  
Friluftslivets Fellesorganisasjon, FRIFO, v/ Astrid Eliassen, postboks 365, 6901 FLORØ  
Fuglehøe beitelag, Sigmund Ryen, Nordherad, 2680 VÅGÅ  
Galdhøpiggen Sommerskisenter, 2687 BØVERDALEN  
Gjendebu Turisthytte, 2684 VÅGÅ  
Gjendebåten, Synnøvdalen og Kåre Øvstedal, 2680 VÅGÅ  
Gjendeosen Kiosk og parkering v/Gunhild Hølmø, Brennvegen 7, 2680 VÅGÅ  
Gjendesheim Turisthytte, 2680 VÅGÅ  
Glitterheim Turisthytte, v/ Ole K. Vole, 2686 LOM  
Gunnar Gjesling Sandbo, 2680 VÅGÅ  
Heimsand camping, Sinclair eiendom AS, 2682 LALM  
Helsebot høgfjellsopplevelser, v/Vegard Rudiløkken, 2940 HEGGENES  
Hestevølladn sameige, v/ Jon Helge Remmen, 2975 VANG  
Hindsæter beitelag, Are Garmo, 2682 LALM  
Hindsæter fjellstue AS, Andre Sundero, Hindsæter, 2680 VÅGÅ  
Høgskulen i Lillehammer, Storhove, pb 1004, 2605 LILLEHAMMER  
Høyt og Lavt, Sverresgt. 4, 0652 OSLO  
Hålien sameige, v/ Ole Tomas Grythe, 2973 RYFOSS  
Jotunfjell leirskole, v/ Baardseth, Lund og Aakre, Raubergstulen 2687 BØVERDALEN  
Jotunheimen Aktiv IT, Gammelsvevn, 2680 VÅGÅ  
Jotunheimen Fjellstue, 2687 BØVERDALEN  
Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, Jernbanevn, 2900 FAGERNES A/S

Jotunheimen Reiseliv, 2686 LOM  
Juvasshytta, 2687 BØVERDALEN  
Kari Lund, Nordre Storvik, 2683 TESSANDEN  
Kasa og Strand sameige, v/ Ole Jørgen Tveit, 2977 ØYE  
Klatring og Friluftsliv, v/ Hans Petter Håkonsen, postboks 61, 1334 RYKKIN  
Knut Lund, Bessheim, 2680 VÅGÅ  
Kristoffer Kvame 2966 SLIDRE  
Krossbu Turiststasjon, 2687 BØVERDALEN  
Krossbu, 2687 BØVERDALEN  
Kvithaug og Ondalen sameige, v/ Jon Oldre, 2975 VANG  
Langmorkje almenning, Randsverk, 2680 VÅGÅ  
Leirungsdalen beitelag, Ivar Flagestad, 2682 LALM  
Leirvassbu Turisthytte, 2687 BØVERDALEN  
Leirvassbu, 2687 BØVERDALEN  
Lena Fauske, Tuvsbakken, 3560 HEMSEDAL  
Lensmannen i Lom, 2686 LOM  
Lillehammer og omland Turistforening, pb. 384, 2602 LILLEHAMMER  
Lom Arbeidarparti, v/ Arve Nørjordet, 2686 LOM  
Lom Beitelag, v/Bjørn Teigen, 2686 LOM  
Lom Bondelag, v/ Rolv Rusten, 2686 LOM  
Lom Bonde- og småbrukarlag, v/Per Skjerringstad, 2686 LOM  
Lom Bre- og fjellførarlag, v/ Nils Arne Haugen, 2686 LOM  
Lom Fjellføring v/ Jostein Aakre, 2686 LOM  
Lom Fjellstyre v/ Odd Repp, 2686 LOM  
Lom Jeger- og Fiskarforening, v/ Rolv Moen, 2686 LOM  
Lom kommune, 2686 LOM  
Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps, v/ Ronny Nestvold, 2687 BØVERDALEN  
Lom tamreinlag, 2686 LOM  
Lom Tamreinlag, Bøverkinshalsen, 2687 BØVERDALEN  
Lom Tamreinlag, v/Magnar Hansen, 2685 GARMO  
Lom turistinformasjon, pb 63, 2688 LOM  
M/S Gjende v/Synnøv Øvstedal, 2680 VÅGÅ  
Maurvangen A/S, 2680 VÅGÅ  
Memurubu Turisthytte, 2686 LOM  
Naturopplevelser, 2680 VÅGÅ  
Naturopplevingar v/ Bjørn Åge Jensen, P.b. 111, 2688 LOM  
Naturvernforbundet i Lom/Skjåk, v/ Per Bådshaug, 2686 LOM  
Naturvernforbundet i Oppland, postboks 454, 2601 LILLEHAMMER  
NJFF – Oppland, Kristen Rustad, postboks 124, 2601 LILLEHAMMER  
Norges Naturvernforbund, Vågå, Sander Sæthun, Moavn, 2680 VÅGÅ  
Norgesguidene, Jon P. Erliensveg 11, H0208, 0858 OSLO  
Norsk Fjellmuseum, 2686 LOM  
Norsk Ornitologisk forening avd Oppland, v/Jon Oppheim, 2636 ØYER  
Norwegian wildlife og rafting AS, Randsverk, 2680 VÅGÅ  
NVE Region Øst, Vangsveien 83, 2318 HAMAR  
Nybu sameige, v/ Lars Skrindsrud, 2975 VANG  
Ole og Seksin sameige, v/ Jon Lerhol, 2975 VANG  
Opdal og Skogstad sameige, v/ Ivar Opdal, 2977 ØYE  
Oppland Bonde og Småbrukarlag, Børresensvei 4, 2615 LILLEHAMMER  
Oppland Bondelag, Fallstrømsplass, 2815 LILLEHAMMER  
Oppland fylkeskommune - Kulturseksjonen, Kirkegt. 76, 2601 LILLEHAMMER  
Oppland fylkeskommune – Planseksjonen, Kirkegt. 76, 2601 LILLEHAMMER  
Oppland Sau og geitalslag, v/Håkon Sigstad, 2642 KVAM  
Ottadalen Billag A/S, 2670 OTTA  
Ragnhild Sjurgard, Karl Lundesv 14, 9151 STORSLETT  
Raubergstulen, 2687 BØVERDALEN  
Raubergstulen Turisthytte, 2686 LOM  
Raudfjorden sameige, v/ Nils J Lykken, 2952 BEITO  
Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, 2670 OTTA  
Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, 2670 OTTA  
Russdalen Beitelag, Syver Berge, Sunde, 2680 VÅGÅ  
Røisheim Hotell og Skysstasjon, 2686 LOM

Senterpartiet i Lom, v/ Ola Magnar Hoft, 2686 LOM  
 Sjoa Rafting, 2676 HEIDAL  
 Sjudalen hyttetun, Svein Bergnord, Kastbuvn 6, 2680 VÅGÅ  
 Skjåk kommune  
 Skjåk Rafting, 2690 SKJÅK  
 SNO v/ Esben Bø, 2686 LOM  
 SNO v/Rigmor Solem, 2975 VANG I VALDRES  
 Sognefjell Turisthytte, 2686 LOM  
 Sognefjellshytta, 2687 BØVERDALEN  
 Spiterstulen, P.b. 188, 2688 LOM  
 Sportco v/ Martin Fløistad, Olav V gate 6, 0161 OSLO  
 Statens vegvesen, Region Øst, Postboks 1010 Skurva, 2605 LILLEHAMMER  
 Statskog SF, Postboks 124, 2601 LILLEHAMMER  
 Storådalsdrifta, Steinar Garmo, Lia 2686 LOM  
 Synsbekk sameige, v/ Arne Belsheim, 2973 RYFOSS  
 Søremsstallen, Berit Gutubø, Sørems, 2680 VÅGÅ  
 Thor Ekre, Sjørdalen, 2680 VÅGÅ  
 Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom, 2686 LOM  
 Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang, Geir Moen, 2975 VANG i VALDRES  
 Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang, v/Endre Hemsing, 2975 VANG i VALDRES  
 Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå, Vågå kommune, 2680 VÅGÅ  
 Torfinnsbu turisthytte, 2975 VANG I VALDRES  
 Tyin - Filefjell Aktiviteter ANS, 2977 ØYE  
 Tyinholmen Høyfjellstuer, Jotunheimen, 2985 TYINKRYSSET  
 Upptur, v/Andre Sundero, 2680 VÅGÅ  
 Upptur, Postboks 18, 2684 VÅGÅ  
 Vang fjellstyre, 2975 VANG I VALDRES  
 Vang kommune, 2975 VANG I VALDRES  
 Varden Fjellskole, v/ Per Stabell, Spiterstulen, P.b. 188, 2688 LOM  
 Vegg i Vegg, Christian Kroghs gt. 16, 0186 OSLO  
 Vildmarks-compagniet, v/Hans Erik G. Kveum, 2690 SKJÅK  
 Vågå bonde- og småbrukarlag, Are Garmo, 2682 LALM  
 Vågå bondelag, Ola Kvarberg, Nordherad, 2680 VÅGÅ  
 Vågå fjellstyre, 2680 VÅGÅ  
 Vågå fjellstyre, Postboks 16, 2684 VÅGÅ  
 Vågå historielag, Georg Gjevre, Haugøyvn 4, 2680 VÅGÅ  
 Vågå JFF, Leif Olsen, Nordherad, 2680 VÅGÅ  
 Vågå kommune, 2680 VÅGÅ  
 Vågå Reiseliv AS, Edv Stormsv 4, 2680 VÅGÅ  
 Vågå Rekneskapslag, 2680 VÅGÅ  
 Vågå skogeigarlag, Lars Formo, Sygard Storrvik, 2683 TESSANDEN  
 Vågå Tamreinlag A/L, 2680 VÅGÅ  
 Vågå tamreinlag, Pål Grev, Nordherad, 2680 VÅGÅ  
 Vågå turistkontor, Vågåvn 37, 2680 VÅGÅ  
 Vågå turlag, Anne Stokstad, Sjørdalen, 2680 VÅGÅ  
 Østlandsforskning, Postboks 1066 Skurva, 2605 LILLEHAMMER  
 Øystre Slidre fjellstyre, 2940 HEGGENES  
 Øystre Slidre kommune, 2940 HEGGENES

#### **Kopi:**

Direktoratet for naturforvaltning, Tungasletta 2, 7485 Trondheim  
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Skrivarvn. 3, 6863 Leikanger  
 Miljøverndepartementet, postboks 8013 Dep., 0030 Oslo  
 - landøk, td

#### **Internt:**

Fylkesmannens landbruksavdeling

